

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Fylke: Møre og Romsdal
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Voll
 Emne: Gamal Engkultur. Bygdelag: Måndalen
 Oppskr. av: Sigurd Vollset Gard:
 (adresse): Måndalen i Romsdal G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Mest eiga røynsle.**
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Lars Skeide, Måndalen i R., 80 år.

SVAR

1.

Nemningane eng og utslåtter har lite vore brukte her i bygda. Når det galdt dyrka jord, vart både ekre og attlege brukt til namn. Ekre er no gått av bruk. Ein har namnet i ein og annan åkeren eller attlega (Langekrå, Ølmannsekrå). Udyrka jord som ein brukte til slåttemark, vart kalla småhøymark.

Av høy var det to slag: langhøy og småhøy. Langhøyet var slege på dyrka mark, småhøyet på udyrka (småhøymark). Eit anna namn på langhøy var blautfor. Det namnet blir brukt enne. Den tida dei brukte all dyrka jord til åker (for 70 år sidan på lag), var det berre det graset som vart slege langs åkerreinene, som var langhøy.

Slåtteteigane i utmarka vart kalla slette. Sletta vart slegne med stutturv (støttørv). Når gamlekarane gjekk og skulle slå utmarkslette, hadde dei med berre stutturv. Det kunne vera ein og annan som tok med seg langorv og, men det vart lite brukt. Det var oftast dei yngre som var så narrvorne. Gamlekarane lo åt slikt. Det hende at ein mann kunne ta med opp til 10-12 stutturv på slåtteteigen (namnet støttørv vart brukt om orvet og ljaen i eitt).

2.

Rydjing vart gjort i mai - etter våronna. Det var kvinnfolka som hadde -og har- det arbeidet. Her kallar vi det å ry. Dei brukte vanleg høyrive og raka lauv og kvist saman i haugar, som vart kalla rydslehaugar. Vi seier ikkje ordet nett slik, men det er vanskeleg å skriva det meir likt. Desse haugane vart brende etter kvart, dersom ikkje veiet var altfor rått. Rive og fyrstikker var dei vanlege "våpena" kvinnfolka hadde med seg når dei skulle stad og ry. Øska av rydslehaugane vart brukt til gjødsel.

Ein og annan steinen vart og teken vekk.

3.

Noko sers vart ikkje gjort for å fremja grasvokstetren i enga før skiftebruket byrja. På småhøymarka voks

2.

det fritt kva som veksa ville. Ein hausta det som var, og anna gjødsel kom ikkje på enn det som vart att etter ku og sau som beitte der om hausten, og oska etter ryd-slehaugane. - Vart ein åker så gamal og "sliten" at han trong kvild - noko som sjeldan hende - fekk han liggja og gro att, og vart pløgd att seinare.

4.

Når det gjeld grøfting og drenering av vass-sjuk jord og myr vart det nok ikkje gjort noko nemnande i eldre tid. Her er elles lite myr, - det er mest grus og moldjord og noko lite leirjord. Sume stader trengst grøfting, men det er først i seinare tid at bøndene har byrja tørka jorda. Det er etter utskiftingane, som vart haldne i 1870-80- åra, det kom fart i det arbeidet. Men noko lite vart gjort til å få vatnet vekk, - men dei veitene som vart tekne, var sers grunne, så det vart ikkje varande gagn i det.

Vatning av eng i samband med gjødsling er ukjend her.

5.

Ein har ikkje gjødsla eng eller utslåtter med vintergjødsel. Ho trongst vel på åkrane. Men i seinare tid, då ein byrja leggja att gamle-åkrane, vart det byrja med lite grann overgjødsling på attlegene (60-70 år sidan) Men det vart berre ein svært liten del av vintergjødsla som vart brukt på den måten, - mest hestegjødsel.

Det var ingen fast regel for kor sterkt ein skulle gjødsla enga. Det vart gjort så ymse.

6.

Ein kjenner ikkje til noko sers namn på eng som var gjødsla. Men namnet "tadeng" har vore nemnt her ein og annan gongen, men ikkje som nokor fast nemning. Høyet frå gjødsla eng vart som før nemnt kalla "blautfor", -

7.

Nokon fast regel med å setja uthusa slik at det seig frå dyngja og ut over markene - eller visse deler av jorda, trur eg ikkje det var. Men det vart nok ettersett at seget ikkje gjekk til spille reint. Det måtte ikkje siga ut over åkrane, for då vart dei for feite, og det vart legde, med mest berre halm, og underrote.

Det har vore grave små veiter for å spreia seget frå gjødseldyngja. Ein la ikkje åkrane på bakkar av den grunn at det skulle siga frå dei og ned på enga, som på den måten vart gjødsla. Det kunne vera andre grunnar til det. Jorda var lettare, og åkeren vart tidlegare gjord (mogen). Dei hadde seine kornsortar før i tida, og dei var redd frosten om haustnettene.

8.

Enga vart gjødsla sume gonger om hausten og sume gonger om våren. Det vart så ymse. Men som tidlegare nemnt, vart det lite gjødsel til å ha på dei små engstykkja som etter kvart vart attlagde. For det første kørde dei gjødsla ut over på slede, både sumar og vinter. Dei la små haugar her og der, som dei enten velte av sleden, eller lesste av med greip. Beretter vart gjødselhaugane breidde (spreidde) med greip. Den var for det første av tre, med 4 tindar. Tregreipa laga gardbrukarane sjølv. Etter sprelinga vart gjødsla smuldra enten med ei høyrive eller med tregreipa, eller dei kørde ei bjørkeslo over. Bjørkesloa var laga av 4 store bjørkegreiner som låg om breidd og var bundne saman. Dei hekta sloa att eit drette. Slik bjørkeslo brukar sume enno.

Tregreipa gjekk av bruk for på lag 60 år sidan. Men her har vore gamle menneske til for 10-15 år sidan som heller ville bruka tregreip enn dei nymotens jarngreipene. Dei gamle som brukte dei, meinte fullt og fast at tregreipene var både lettare å arbeida med og gjorde betre arbeid.

9.

Det har vore vanleg at husdyra har beitt både eng og utslåtter (småhøymark). Det vart ikkje gjort med serleg tanke på å få gjødsla denne slåttemarka. Den viktigaste grunnen var den at det galdt å få beitetida så lang som mogleg for å spara på inneforøt. For det hadde dei lite av før. Men bøndene meinte ikkje at denne beitinga haust og vår var til nokon skade for eng og slåttebe. Det var helst ikkje noko engstykke som gjekk fri for beiting før. Om haustane var skikken her den at både kyr og hestar og sauer gjekk fritt over alle gardar heile grenda over. Dei vart så samla og innhavde om kvelden. Men om vårane heldt dei seg helst på kvar sitt. - Etter at utskiftingane var haldne, vart det meir og meir slutt på denne sambetinga.

10.

Det har vorte meir og meir vanleg å slutta med beiting på god eng. Men heilt slutt er det ikkje. Det ymsar frå gard til gard. På dei beste attlegene blir det slege hågras, og då blir det sjølv sagt ikkje beitt seinare om hausten. Men så snart enga blir ringare, så ikkje hågras blir slege, blir kyrne tjora om hausten på slike stader. Det er vanleg praksis her no. Men det finst gardar der dei ikkje tjorar kyrne i det heile. Dei meiner at enga blir så mykje ringare at det løner seg ikkje.

Det skiftet har gått føre seg smått om senn. Det skriv seg ikkje frå nokor viss tid.

11.

Det vart oftast ikkje gjort noko for å jamna utover den gjødsla som krøtera let etter seg på beite. Men fritt var det ikkje. Sume for over med ei greip eller ei rive og slo utover det dei såg av gjødsl. Det vart oftast gjort om hausten - ofte med krøtera gjekk på beitet. Veret haddé noko å seia når det galdt dette arbeidet. Var det solskin, let dei gjødsla liggja, til det kom regn. Då gjorde dei det. "Møkjabankar" veit vi ikkje av her.

12.

Den tida krøtera gjekk på beite, vart dei innhavde kvar kveld. Dei vart leidde, som oftast, til næraste fjøs, sumarfjøs eller heimfjøs. Det var ikkje oppsett serskilde fjøs ved utmarkslåtter. Sumarfjøsa stod ved utmarksgarden. Dei vart brukte om hausten når kyrne gjekk på beite tett ved, eller iallfall ikkje langt frå. Gjødsla frå sumarfjøsa vart vekk-køyrd om vinteren på sledeføret. Det var regelen. Men sume gonger vart ho vekk-køyrd om våren. Ho vart kørd til næraste åker eller eng.

13.

Krøtera vart, som nemnt ovafor (12) innhavde om kvelden, den tida dei gjekk på beite om hausten. Det var berre på sætrane dei hadde dei i kve. Men det vart lite brukt her.

Innhegningar som kann flyttast, var ukjende her.

14.

15.

16.

17.

18.

19.

Ordet trød eller trø, som Ivar Aasen nemner, er og kjent her. Dei brukte trø på sætrane, mest til sau. Men ofte hadde dei sauene i saufjøs eller oppå ein lem i kufjøset. I siste tilfellet, var det ein sterk lem frå marka og opp til ein glugge ovafor fjøsdøra (der kyrne gjekk inn). Dei fekk då sauene til å gå oppover den lemmen og inn om gluggen. Så vart gluggen attlaten, og sauene hadde det trygt for bjørn. Men det hende at bjørnen kom og gjekk opp på taket og reiv hol på og slo kloa ned i sau. Det var lett for bjørnen, for sauene stod mest opp under taket med ryggen.

Så vidt eg veit, har vi ikkje ordet trø som stadnamn her.

20.

Her i bygda var det vanleg å ha inngjerd slåttemark på sætrane. På 6 sætrar er det slik slåttemark enno. Det vanlege namnet på denne marka er: sætregjerde. Det er sikkert gamalt i mi heimbygda dette å ha slåttemark på sætra. Men akkurat kor gamalt det er, veit eg ikkje. Det går sikkert attende til før 1899, - helst lenge før.

Men det går attende med sæterslåtten no, og har så gjort ei god stund. Det har vorte mindre og mindre av det. Det løner seg ikkje, seier dei. Det er for tungvint. Det var - og er - vanleg å gjødsla sætergjerdet. Dei gjer det om hausten etter sæterferda eller om våren så snart snøen er faren. Dei brukar hest og slede til det arbeidet. Dei køyrer gjødsellasset frå dyngja og utover til dei ymse stykke som skal gjødslast. Så spreier dei beinveges frå sleden og utover marka, og jamnar sidan med greipa. Sume køyrer bjørkeslo over etterpå.

21.

Enga vart lite eller inkje gjødsla med anna enn husdyrgjødsel. Men både tang og fiskeavfall og oske har vore brukt ein og annan gongen. Tangen la dei i haug så han gjera elier rotna litt før dei hadde han utover. Oska strøydde dei med handa, - og fiskeavfallet grov dei enten ned eller slengde det utover.

Det var mest småbrukarar og husmenn som gjødsla med fiskeavfall. Dei dreiv sjøen mest heile året skulle dei greia seg, så dei hadde oftast avfall å slenga utover. Det var berre dei som åtte til sjøen, som gjødsla med tang, - men som nemnt, vart det ikkje mykje brukt.

Eg veit om sume gamlekarar som gjødsla med fiskehovud på den måten at dei tok med seg hovuda og ein jarnstaur ut på marka, - så sette dei eit passeleg djupt hol med stauren og trykte eit fiskehovud nedi. Så flytte dei seg eit stykke derifra og gjorde likeeins. Slik heldt dei på til alle hovuda var vel gøynde. Sume gonger kunne dei og stikka fiskerygger nedi. Det hende ofte at kråke elier skjor tok avfallet om det låg oppå marka.

3106

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

8618